

# MØTEPROTOKOLL STORD SOKNERÅD

<b>Råd:</b>	<b>Stord sokneråd</b>
<b>Tid:</b>	<b>Tysdag 2.sept 2025 Kl. <u>17.00 – 19.00</u></b>
<b>Møtestad:</b>	<b>Kyrkjekontoret (Sæ 21)</b>
<b>Opning:</b>	<b>Kirsti</b>

**Til stades:** Leif Steinar Alfsvåg, Magne Andresen, Anders Dahl, Sigrid Beate Eskeland, Kirsti Angvik Frugård, Jørgen Knudsen, Randi Agnete Nysæter, Dag Sele og Dag Kjetil Læg Reid (1. vara), Runar Isdahl (2.vara)

**Forfall:** Knut Johannes Gram

## SAKLISTE

### 2025/31 - 012 Godkjenning av innkalling og sakliste

**Vedtak:** Godkjent

### 2025/32 - 012 Godkjenning av møtereferat frå sist soknerådsmøte

**Vedtak:** Godkjent

### 2025/33 - 361 Cuba hjelpesending

Orientering om hjelpesendinga som er komen fram til Cuba. Kva gjer me vidare med dette i høve takke-samling og evaluering?

#### *Moment frå samtalen:*

Hjelpesending kom vel fram. Spenning knytta til importgodkjenning. Kjell Ove arbeidet med dette – og det gikk i orden. Framme på Cuba i juni. Problem med importgodkjenning 2, men etterkvart fikk ein opna og tømte containeren. Stor takkemd hos kyrkjelydane på Cuba. Viktig å fortelje dette vidare til kyrkjelyden vår. Markere dette sidan det var eit så stort prosjekt. Ja, gjerne etter gudstenesta. Gjerne få ein respons frå dei på Cuba. Video? Kommunisere dette ut i andre kanalar, t.d. i avisa Sunnhordland. Arbeidsgruppa bør ha ein evalueringssamling med referat.

**Vedtak:** Vi skal ha ein takkemarkering i hausttakkefesten, 28. september i Stord kyrkje. Sigrid leiar ein komite som planlegg og organiserer takkemarkeringa. Gudstenesteutvalet bes endre så kollekten går til misjonsprosjektet denne dagen.

### 2025/34 - 211 Innspel om kyrkjeverjestillinga

Stord kyrkjelege fellesråd vedtok i juni å be AU førebu arbeid med rekruttering av ny kyrkjeverje med mål om oppstart hausten 2026. Soknerådet er invitert til å gje innspel til utlysingstekst og å setje ord på kva som er viktig for oss i ei slik rekruttering.

#### *Moment frå samtalen:*

Soknerådet gir innspel til fellesrådet si arbeidsgruppe med mål om å formidle kva soknerådet i Stord er oppteken av – og nokre av punkta er meir til intern evaluering enn til sjølv utlysinga. Generelt oppmodar vi til ein stillingstekst som skapar begeistring og er inviterande, samstundes som det er tydeleg at stillinga er ei leiarstilling med vesentleg innhald av drift, økonomi og personaladministrasjon. Soknerådet ser og behov for avklaring av i kva grad kyrkjeverje-rolla skal fungere som dagleg leiar for sokna og kva oppgåver som evt ligg i stillinga ift dette.

**Vedtak:** Soknerådet sender følgjande tekst til Fellesrådet si arbeidsgruppe:

Kva treng / ønskjer vi?

- Ryddig og aktiv leing
- God samordning og lagbygging mellom ulike grupper (stab, råd, frivillige m.m.), og internt i staben (inkl. med prost/sokneprest)
- Ein leiar som saman med råd og stab byggjer både kyrkjelyd og organisasjon for framtida

# MØTEPROTOKOLL STORD SOKNERÅD

- God personalleing og entusiasme som skaper engasjement og arbeidsglede – ein stad mange vil arbeide, sitje i råd og delta frivillig
- Proaktiv rekruttering gjennom nettverksbygging
- Ein som ser moglegheiter og kan arbeide med kommunen for å bidra til finansiering og løysingar
- Gjennomføringskraft til å setje i gang og styre ulike prosjekt, m.a. innan vedlikehald av bygg

## Kompetanse:

- Fordel med forståing for kyrkjeleg organisering
- Relevant utdanning og / eller leiarerfaring med personalansvar og budsjettansvar, gjerne òg erfaring med samleing frå t.d. matriseorganisasjon
- Ikkje krav om kyrkjeleg utdanning eller vigsla medarbeidar

## Personleg eignaheit, m.a.:

- Personleg tru og medlemskap i DNK
- Gode kommunikasjonsevner, munnleg og skriftleg
- Fordel med kjennskap til kyrkjelydane og lokalsamfunnet på Stord, inkl. kontaktnettverk som gir god forankring og moglegheit til å involvere frivillige
- Ønske om at den som vert tilsett er eller vert busett i Stord kommune og deltar aktivt i menighetslivet
- Balanse mellom entusiasme og tryggleik

Stord sokneråd ser det som ein fordel om staben har tilsette som tek aktivt del i begge sokn, og gjerne har tilsette som er busett i begge sokna.

## 2025/35 - 217 Frivillige medarbeidarar i soknet

Soknerådet drøftar no-situasjonen rundt frivillige medarbeidarar i dei ulike områda/utvala og forsøker identifisere dei viktigaste forbetningsområda å ta tak i – samt ser på arbeidet sidan saka var oppe i november 2024 (Sak 2024/66). Ønskje om å diskutere utfordringar og å sjå moglegheiter innan kvart område, som t.d.

- 1) Er det konkrete behov for frivillige vi veit det må rekrutterast til framover?
- 2) Er det nokre grupper der vi ser aktuelle kontaktpersonar som kan få ei leiarrolle?
- 3) Er det nokre grupper vi bør arrangere samlingar for, t.d. for opplæring eller oppfølging?

**Vedtak:** Saka vart utsett.

## Orienterings-/drøftingssaker utan vedtak:

1. «Kva skjer i kyrkja vår»? Orientering ved sokneprest
2. ~~Orientering frå fellesrådet v/Dag og Knut~~
3. Kyrkjelydsleir 24.-26.oktober
  - a. *Kirsti orienterte om arbeidet og promotering. Det er ca 35 påmeldte og vert leir, men viktig å få ut informasjon til fleire om å melde seg på.*
4. Ungdomsråd
  - a. *TOL-utvalet orienterte om at arbeidet med å etablere eit ungdomsråd pågår.*
5. Tankar om oppstarten og haustsemesteret
  - a. *Kort orientering frå utvala*
6. Medarbeidardag 13.september
7. Kyrkjekaffi ifm ordinasjon av prest
  - a. Det er ordinasjon av prest i Stord kyrkje 9.november og soknerådet drøfta si rolle i høve kyrkjekaffi ved slike markeringar.
  - b. AU hadde innstilt på at ein tilbyr kyrkjekaffi i kyrkja når presten ikkje skal jobbe lokalt, og at det er naturleg med ei utvida velkomst-markering når presten skal jobbe lokalt. Soknerådet støtta denne innstillinga, og soknerådet ønskjer derfor å tilby å organisere kyrkjekaffi i kyrkja 9.nov. Avklarast seinare om ein vil kjøpe kake eller organisere frivillig.

# MØTEPROTOKOLL STORD SOKNERÅD

## Skriv, referat og meldingar

1. Referat, Kyrkjestova Fredheim 10.jun
2. Referat, Stord Kyrkjelege Fellestråd 12.jun
3. Revisjonsberetning for 2024

Anders Dahl  
soknerådsleiar

Kirsti Frugård  
referent